



Julenissen var i storform og vart kjempepopulær. Her viser han treskoen sin til borna.

**Tirsdag kveld hadde vaksenopplæringa den årlege julefesten sin i festsalen i Kulturhuset Husnes. For underteikna har denne festen vore den aller finaste førjulsopplevinga dei siste 7 åra. Å oppleve denne samlinga av mange ulike nasjonalitetar og ulike religionar, gjev ei heilt spesiell, samlande og god kjensle no i førjulstida.**



Mohammed(frå Uskedalen og Somalia) les adventsvers saman med Ayaanle(Herøysundet og Somalia), Zemichael(Rosendal og Eritrea) og Yahia(Herøysundet og Syria).

Dei rundt 100 festdeltakarane var frå om lag 20 ulike nasjonar, og dei har vidt forskjellig bakgrunn. Dei fleste er flyktningar, andre har gifta seg med norske og nokre er arbeidsinnvandrarar. Alle er kvar på sin måte takksame for å vera i Kvinnherad og Noreg.

Etter opning og allsang av **Glade jul** var det lystenning. Fire unge gitarar frå Syria, Somalia og Eritrea tende dei 4 adventslysa medan dei framførte dei 4 versa i Inger Hagerup sitt dikt Adventslysene. Dette gjorde dei på ein flott måte på sitt nylærde norsk. Dette vart etterfulgt av at festlyden song **Tenn lys**. Ei flott start på festen.



Flott song av ei gruppe frå Somalia

Ei gruppe frå Somalia framførte to nasjonale songar. Det var usedvanleg vakkert å høyre på, og dei bør så absolutt brukast i andre samanhengar og. Dei avslutta på norsk; - med velkjende **Fader Jakob** der dei til slutt fekk med heile festlyden på allsong så det ljoma godt i festsalen! Eit godt innslag som også var fylt av mykje humør og ekte songglede!

Eit anna innslag som imponerte var då yoga-instruktøren Lisa Perfumo frå Italia gav oss ei oppvisning i kunsten sin. Eit sprekt og godt programinnslag.





[Eit utsnitt av det formidabile matbordet!](#)

Matøkta på desse festane er eit kapittel for seg. Det er eit imponerende buffèt med alle moglege medbrakte internasjonale rettar. Her er noko for alle ganar! Så mykje godt og spennande! Ikkje rart at mange er stolte av dei nasjonale matrettane sine. Matstunda vart avslutta med kaffi, kaker og dessertar. Og då dette så vidt var fortært, dukka nissen opp til jubel både for store og små. Det var sjølvaste Kvinnheradnissen som kom. Trur han må vera far til Børsdalsnissen. Han hadde ein del likhetstrekk. Han var i kanonslag og både song og skøya. Det var berre borna som fekk pakkar, men alle sette stor pris på han. Og nissen lika seg så godt at han sa han hadde ikkje lyst til å gå.



Blant dei inviterte gjestene var verksemdsleiar Kristian Bringedal som koste seg.

Kvelden vart avslutta med gang rundt juletre. Alle var med, og her var både **Glade jul** og **Eg er så glad kvar julekveld** på plass saman med juleleikar som **Jeg gikk meg over sjø og land** og **Så går vi rundt om ein enebærbusk**. Det er alltid kjekt å gå rundt juletre, men det er sjeldan å sjå så mange lysande ansikt som vi gjer på desse festane. Juletreangen og festen vart avslutta med at alle song **Deilig er jorden** ståande rundt juletreet.

Eg er heldig som får vera med på desse festane der Frode Kaldestad kvart år bidrar med pianospel. Skulle ønskja alle fekk oppleva det!





Ayaanle, Mohammed, Yahia og resten av festlyden var svært fornøgte etter avslutta juletrengang.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Natalia Ljøstveit og Thor Inge Døssland